

DEL

Språk i samfunn

4



17

Språkhistoria på 1-2-3

I dette kapitlet skal du lære

- bakgrunnen for kvifor vi har to skriftspråk i dag
- hovudtrekka i språkhistoria på 1800- og 1900-talet

Kvifor skal du lære dette?

- Kunnskap om språkhistoria gir innsikt i språksituasjonen i dag.

Viktige fagomgrep

- landsmål – nynorsk
- riksmål – bokmål
- den danna daglegtalet
- målreising
- fornorsking
- jamstillingsvedtaket
- samnorsk



Før du les

- Kven var Ivar Aasen? Noter 5–10 stikkord etter minnet.
- Kvifor begynner nyare språkhistorie med 1814?
- Har du høyrte omgrepet målreising før? Kva trur du det betyr?

Noreg rundt 1814

Da Noreg fekk ei grunnlov, starta debatten om kva for eit språk ein skulle bruke. Gjennom fire hundre år i union med Danmark hadde dansk festa seg som skriftspråk. Reformasjonen i 1536, som gav folket *Bibelen* på dansk, bidrog sterkt til utviklinga. Da vi fekk sjølvstende i 1814, var det derfor nødvendig å diskutere kva for eit skriftspråk som skulle brukast.

Jakta på det norske

Rett nok var vi i ein ny union med Sverige, men på dei fleste område var vi sjølvstendige. Å bruke svensk språk var aldri aktuelt. Tidleg på 1800-talet var ein prega av romantikken, ei ånds- og kunstretning som la vekt på at kvar nasjon og kvart land har sin identitet. Kunstnarar og akademikarar var opptatt av kva som kunne vere ein *norsk* identitet. Språket blei ei viktig brikke for å definere den norske identiteten.

Tre syn på språkspørsmålet før 1850

Skrive dansk

Nokre kunstnarar og intellektuelle, spesielt diktaren Welhaven (1807–1873), meinte ein måtte fortsette å skrive dansk. Dansk stod for ein meir danna kultur og kontakt med Europa, noko dei meinte det nye Noreg trong.

Fornorske dansken

Diktaren Henrik Wergeland (1808–1845), hovudmotstandaren til Welhaven, argumenterte for at ein måtte behalde mykje i det danske språket, men bruke norske ord og uttrykk for å fornorske det. På den måten kunne ein få det beste frå to verder.

Lage eit nytt norsk språk

Historikaren P.A. Munch (1810–1863) meinte ein måtte lage eit nytt skriftspråk, basert på ei dialekt som tydeleg viste røtene tilbake til det norrøne. Dette blir også kalla *måltreising*. Ivar Aasen (1813–1896) vidareførte denne linja, men meinte ein måtte bygge på det dialektene hadde felles.



Etter 1850: fornorsking eller målreising?

Etter 1850 var det to syn på språkspørsmålet: fornorsking og målreising.

Fornorskingsprosjektet blei sett ut i livet av læraren Knud Knudsen (1812–1895), og dette la grunnlaget for det vi i dag kallar bokmål. Han ønskte å lage eit skriftspråk basert på «den danna daglegtalen», altså talemålet til overklassen. Dette var i praksis eit dansk språk med norske ord og vendingar og ein fornorska skrivemåte og bøyning. Han gjorde eit stort og detaljert arbeid og var aktiv i språkdebatten. Knud Knudsen blir derfor rekna som bokmålet sin far.

Målreisinga blei sett ut i livet av Ivar Aasen, ein sjølv lært bondeson frå Sunnmøre. Han laga eit nytt skriftspråk basert på dialektene i landet. Først kartla han dialektene frå Agder i sør til Tromsø i nord gjennom eit omfattande feltarbeid til fots gjennom landet. Dette viste eit stort mangfald av ord og bøyningar. Deretter laga han ei ordbok og ein grammatikk basert på dialektene. Språket kalla han *landsmål*, for å vise at det var eit skriftspråk for heile landet.

Korleis lage eit nytt skriftspråk?

Landsmålet baserte seg ikkje på éi dialekt, men på mange. Aasen måtte derfor finne fellestrekk i språket:

Norrønt som fellesnemnar

Aasen valde former som kunne vise slektskap med norrønt.

Det dialektene hadde felles

Språket måtte ikkje bli eit museumsspråk, det skulle ligge nær talemålet til folk. Derfor valde han i stor grad former som var felles for mange dialekter.

Likskap med gjeldande rettskriving

Aasen valde å vidareføre vanlege skrivemåtar av stumme konsonantar, som f.eks. i *hjelp*, *huset*, *gard* osv.

Nokre viktige vedtak på 1800-talet

Seint på 1800-talet var bøndene og dei liberale i fleirtal på Stortinget. Dette gjorde det mogleg å vedta at landsmål skulle likestillast med dansk, eller «bogmaalet» som ein også kalla det. Dette blir kalla *jamstillingsvedtaket* og skjedde i 1885. Nokre år tidlegare blei det vedtatt at all undervisning i skolen skulle skje på barna sitt talemål. Det innebar at ein ikkje kunne korrigere barna når dei snakka dialekt. I 1892 vedtok Stortinget den såkalla målparagrafen. Den gjorde det klart at både landsmål og «bogmaal» kunne brukast i undervisning. Heretter kunne skolekretsane sjølv vedta kva for eit skriftspråk dei ville at barna skulle lære å skrive.

1905 – eit nytt Noreg

Ved starten av det nye hundreåret hadde vi altså to offisielle språk i landet. Fram til 1907 var dansken, eller «bogmaalet», nesten uendra, men da blei mange av Knud Knudsens endringsforslag vedtatt. Ein gjekk også over til å kalle det *riksmål*. Men språkdiskusjonen var enda ikkje over, mange hadde sterke følelsar for kva språk ein skulle bruke.

Tre linjer i språkspørsmålet

Nynorsk

I store delar av landet var nynorsken i vekst, noko som heldt seg heilt fram til 1945. Språket blei tatt i bruk i mange skolekretsar på Vestlandet, i dalføra på Austlandet, i Indre Agder og i delar av Trøndelag. Men ikkje alle dialektbrukarar følte at dette var deira språk.

Riksmål

I størstedelen av landet, og spesielt i byane, var riksmålet i bruk. Trass i reforma i 1907 var det framleis nokså likt dansk og fjernt frå talemålet til dei fleste.

Samnorsk

Mange meinte det var problematisk med to ulike skriftspråk. Dei kunne ikkje finne seg til rette i det konservative riksmålet, som ikkje skilde seg så veldig mykje frå dansk. Landsmålet kunne vore eit alternativ, men det bygde i stor grad på dialekter frå Vestlandet og fjellbygdene.

Det var derfor mange dialektbrukarar som ikkje følte seg heilt heime i landsmålet heller. To skriftspråk var altså eit praktisk problem. Men det var også eit problem at dei to skriftspråka ikkje spegla talemålet til store folkegrupper, nemleg arbeidarklassen og folk frå Austlandet. Mange ønskte derfor eit samlande språk, samnorsk, som kunne ta opp i seg talemålet til arbeidarane og talemålet på det sentrale Austlandet.

Eit felles skriftspråk?

Samnorsklinja blei det viktigaste språklege prosjektet på 1900-talet. Nå skulle både landsmål og riksmål reformerast i retning av eit felles skriftspråk. Ein skulle ta utgangspunkt i orda og bøyingane som kunne vere felles i dei to språka, dei såkalla tilnæringsformene. Dette var i stor grad ord og former frå dialekter på Austlandet. Gjennom gradvise endringar såg ein for seg at dei to språka ville bli til eitt språk.

A-endingar blei derfor viktige. Dei var vanlege i nynorsk, og dei fanst i talemålet i byane på Austlandet. I riksmålet innførte ein også mange ord med diftong, som *stein* i staden for *sten*.

Den første reforma var i 1917. Da blei desse endringane innførte som *valfrie*. Ein tenkte at folk ville ta formene i bruk frivillig og gradvis, men dette skjedde ikkje. Ein såg desse endringane i svært liten grad i aviser og bøker. Det blei derfor avgjort å gjere dei obligatoriske. Dette skjedde i språkreforma i 1938.

Protest mot samnorsk

I 1940 kom den andre verdskrigen og sette språkspørsmåla i skuggen. Dei store protestane mot 1938-reforma kom derfor først på 1950-talet. Det var særleg riksmålsfolk som protesterte. Dei meinte endringane var ein trussel mot danninga og kulturen. I Oslo toppa det seg med foreldreaksjonen mot samnorsk, der foreldre korrigererte lærebøkene til barna.

Noko måtte gjerast for å skape språkfred. I 1972 blei Norsk språkråd oppretta, eit offisielt organ som skulle «fremme samarbeid» mellom dei to språka i staden for å skape eit felles skriftspråk, slik planen var tidlegare. Dei kom med utkast til ny bokmålsrettskriving som blei vedtatt i 1981. Her gjekk ein tilbake på mange av endringane frå 1938. Konservative former kom inn igjen, og ein fekk eit bokmål med større valfridom til å bruke både radikale og konservative former.

Språkpolitikken i dag

I 2002 blei det offisielle målet om tilnærming mellom skriftspråka lagt på hylla. Språkrådet skal nå jobbe for å styrke det norske språket som kultur- og bruksspråk, og ta vare på språkmangfaldet i landet. Språkrådet er staten sitt fagorgan i språkspørsmål og har som oppgåve å følge opp den språkpolitikken som er vedtatt av Stortinget. Det inneber blant anna å handheve lovene for bruk av nynorsk og bokmål i det offentlege. Det inneber også å jobbe for at norsk språk skal kunne brukast på alle arenaer, trass i sterk konkurranse frå engelsk.

Test deg sjølv

- 1 Kvikfor ønskte ein eit nytt skriftspråk i Noreg etter 1814?
- 2 Kva for nokre standpunkt stod sterkt før 1850?
- 3 Kva to linjer blei ståande etter 1850?
- 4 Kven var dei to viktigaste aktørane i språkstriden på 1800-talet?
- 5 Kva for vedtak blei fatta på slutten av 1800-talet?
- 6 Kvikfor meinte ein det var problematisk med to skriftspråk på 1800-talet?
- 7 Kva skjedde i reformene i 1917 og 1938?
- 8 Kvikfor blei det sterke reaksjonar på 1938-reforma?
- 9 Kva leia protestane til?
- 10 Kva for oppgåver har Språkrådet i dag?

Jobb med stoffet

- 1 Skriv eit samandrag av kapittelet på ca. 200 ord.
- 2 Søk opp informasjon om Ivar Aasen. Skriv ein informativ tekst om han på ca. 200 ord.
- 3 Korleis ville Ivar Aasen ha framstilt seg sjølv og arbeidet sitt i sosiale medium? Lag ei visuell framstilling med tekst og bilde.
- 4 Kva meiner du om Ivar Aasens framgangsmåte for å lage eit nytt skriftspråk? Kunne han valt andre måtar? Grunngi svaret ditt.
- 5 Gjer eit bildesøk på «samnorsk». Lag ein bildeserie der du kombinerer bilde med ein eigenskriven tekst om temaet.

- 6 Er bokmål framleis i nær slekt med dansk? Søk opp ein dansk tekst på internett og samanlikn, for eksempel ved å omsette han til norsk (manuelt eller via omsettingsprogram).
- 7 Korleis ville Knud Knudsen ha framstilt seg sjølv og arbeidet sitt i sosiale medium? Lag ei visuell framstilling med tekst og bilde.
- 8 Finn ut kva Riksmålsforbundet står for. Lag ein reklame for organisasjonen.
- 9 Finn ut kva Noregs mållag står for. Lag ein reklame for organisasjonen.
- 10 Sjå tilbake på dine eigne tekstar: Kva språklege former bruker du sjølv når du skriv bokmål – konservative eller radikale?
- 11 Lag di eiga visuelle tidslinje, anten digitalt eller fysisk. Bruk tekst, ulike fargar, symbol og bilde for å få fram språkhistoria.
- 12 Er nynorsk og bokmål likestilte i dag? Diskuter.
- 13 Undersøk kva som er forskjellane og likskapane mellom riksmål og bokmål. Lag eit tokolonnotat.
- 14 Arranger ein debatt mellom Ivar Aasen og Knud Knudsen, med kvar sine tilhengjarar. Halve klassen lagar «manus» til Ivar, og halve klassen til Knud. Aller best blir det om de prøver å bruke språket til Ivar/Knud, kler dykk ut i kostyme og så vidare.

I eit nøtteskal

Med Grunnlova på 1800-talet oppstod ønsket om eit norsk skriftspråk. To ulike språk utvikla seg. Ivar Aasen laga landsmålet på grunnlag av dei norske dialektene. Knud Knudsen starta arbeidet med å fornorske det danske språket på grunnlag av «den danna daglegtalen». Ved slutten av 1800-talet blei dei to språka likestilte, og landsmålet blei tatt i bruk i skolen i stadig fleire skolekrinsar.

På 1900-talet oppstod ønsket om å lage eit felles språk av dei to skriftspråka. Eit slikt språk, samnorsk, skulle bygge på det som var felles i nynorsk og bokmål, og i tillegg ta opp i seg dialektene på Austlandet. I 1917 blei det gjort endringar som var frivillige å bruke. I 1938 blei desse endringane gjorde obligatoriske. Protestane på dette var store, spesielt frå riksmålsbrukarar, og i 1981 blei det igjen lov å bruke mange av dei konservative formene i bokmål.

18

Utforsk språket

I dette kapittelet skal du lære

- å jobbe utforskande med språklege tema
- kva fasar eit utforskingssarbeid består av

Kvifor skal du lære dette?

- Du får eit meir bevisst forhold til ditt eige og andre sitt språk.
- Du lærer deg konkrete arbeidsmetodar du treng i vidare studium.

Viktige fagomgrep

- problemstilling
- metode
- språklege variablar
- bakgrunnsvariablar
- informant
- korrelasjon/samanheng
- refleksjonsnotat




Før du les

- Har du gjort undersøkingar i andre fag? Kva for metode brukte du?
- Kva undrar du deg over når det gjeld språk? Tenk ut eit emne du kan utforske.

Korleis utforske språk?

Når vi skal utforske språket, går vi gjennom ulike fasar. For å gjere dette så oversiktleg og strukturert som mogleg har vi laga ein modell som viser desse fasane. Modellen er ikkje ein fasit, men han gir ei tydeleg retning for arbeidet. Nokre fasar tar kort tid, i andre fasar må ein jobbe nokså lenge. Og ofte må ein gå fram og tilbake mellom dei ulike fasane. I dette kapittelet skal vi gå gjennom fasane i eit utforskingarbeid.

Utforsk-språket-modellen



1 Bestem overordna tema

Nokre gonger står ein heilt fritt til å velje tema, mens ein andre gonger er styrt av eit kompetansemål eller eit tema som læraren har gitt deg. Vi skal ta utgangspunkt i eit viktig kompetansemål på vg3: «gjere greie for endringar i talespråk i Noreg i dag og reflektere over samanhengar mellom språk, kultur og identitet». Kompetansemålet er todelt: Det handlar om

- a endringar i talespråk og
- b samanhengar mellom språk, kultur og identitet

Endringar i talespråk handlar om kva konkrete endringar som skjer i dei forskjellige dialektene våre. Endringane kan skje i ordforrådet, i bøyinga av orda, i setningsbygninga og i lydsystemet i språket. Denne delen av kompetansemålet handlar om grammatikken og reglane i språket eller dialekta.

Samanhengar mellom språk, kultur og identitet handlar om at språket er ein del av kulturen og identiteten vår. Denne delen av kompetansemålet fokuserer på språket i samfunnet og mellom menneske. Du kan altså velje mellom desse to delane av kompetansemålet. La oss gå vidare med temaet [talespråkendringar](#).

2 Bestem undertema

Så må du snevre inn temaet. Kva for eit talemål skal du undersøke? La oss bruke trønderdialekta som eksempel og gå vidare med undertemaet [nyare endringar i trønderdialekta](#). Aller best er det om du spesifiserer det enda meir geografisk, men for enkelheits skyld held vi oss til trønderdialekta her.

3 Formuler problemstilling

Kva endringar kan det vere snakk om i dialekta? Bruk dine egne språkkunnskapar for å jobbe fram problemstillinga. Du kan for eksempel velje å fokusere på nokre endringar i lydsystemet og i bøyingssystemet. Sidan endring skjer gradvis, kan det vere lurt å undersøke to ulike aldersgrupper, som ungdommar og eldre. Problemstillinga kan da formulerast slik:

«Kva endringar finn vi i lyd- og bøyingssystemet i trønderdialekta? Ei undersøking av språkbruken til unge og eldre.»

Sjølv om du berre er i fase 3, må du her sjå framover og tenke gjennom korleis dette skal gjerast i praksis. Desse vurderingane må du kanskje også komme tilbake til i både fase 4 og 7.

Du kan vurdere problemstillinga di ut frå desse tre kriteria. Dersom du ikkje kan svare ja på alle spørsmåla, må du kanskje endre problemstillinga:

- Gir problemstillinga ny kunnskap for deg?
- Får du undersøkt spørsmålet innanfor rammene du har?
- Er problemstillinga så presis at du kan finne ein god metode og eigna kjelder?

Nokre eksempel på tema, undertema og problemstilling:

Tema	Undertema	Problemstilling
Språk og kjønn	På kva område finn vi forskjellar mellom språket til jenter og gutar?	Kva forskjellar finn vi mellom jenter og gutar når det gjeld bruk av og haldningar til banneord?
Nynorsk og bokmål	Haldningar til nynorsk og bokmål	Kva haldningar har elevar og lærarar ved X vidaregåande skole til nynorsk?
Språk og kultur	Etnolekt	Kva haldningar har elevar og lærarar ved X vidaregåande skole til multietnolekt? eller I kva grad blir etnolekt brukt blant elevar på X vidaregåande skole?
Språk og identitet	Ungdoms forhold til dialekt	I kva grad er dialekta i X ein del av identiteten til ungdommen?

4 Idémyldring, gruppearbeid, rettleiing

I denne fasen skal du finne vegen vidare. Det kan vere du må gå tilbake til nokre av dei andre fasane i løpet av arbeidet ditt. Sørg for å søke råd og hjelp hos læraren, medelevane og bibliotekaren. Kanskje kjenner du også nokon som har god kunnskap om emnet ditt, for eksempel foreldra eller besteforeldra dine. Spør om alt du lurar på – formålet er jo å lære!

Ver konkret

Du bør starte med å fastsette nokre konkrete talemålsendringar du skal undersøke. Her er det lurt å undersøke kva som finst av faglitteratur om trønderdialekta. Start gjerne i kapittel 19, og gå deretter vidare til meir avanserte kjelder. Etter å ha undersøkt faglitteraturen kan du for eksempel ha funne fram til desse [grammatiske fenomena](#):

- **Personleg pronomen i 1. person eintal, som i nesten heile Trøndelag heiter æ.** Held ein fast på denne forma? Kva er alternativa?
- **Nektingsadverbet itj:** Går det over til *ikke*?
- **Palatalisering:** Held ein fast på *mainn* og *kveill*?
- **Infinitiv:** Finst det endringar innanfor infinitivane? Trønderdialekta har tradisjonelt kombinert apokope (*å dains*) og a-ending (*å værra*), og i nokre område hatt noko som blir kalla jamning (*å vårrå*). Kjem det inn nokon nye former her?

Desse grammatiske fenomena kallar vi også språklege *variablar* fordi dei har to eller fleire *variantar* som du skal undersøke. Dei *varierer*, derav namnet *variablar*. Kor mange variablar du skal ha, er avhengig av omfanget av arbeidet og kva metode du vel.

Juster undervegs

Mens du jobbar i denne fasen, kan det hende at du ser at du må justere problemstillinga di. Problemstillinga kan gjerast meir spennande ved å flette inn eit eksempel:

«'Hainn' eller 'han'? Kva endringar finn vi i lyd- og bøyingsssystemet i trønderdialekta? Ei undersøking av språkbruken til unge og eldre.»

Kanskje ser du at du ønsker å undersøke *kvifor* dei ulike endringane skjer (ikkje berre *at* dei skjer). Da må du gå tilbake og forandre problemstillinga di. Ho kan da lyde:

«Kva endringar finn vi i lyd- og bøyingsystemet i trønderdialekta, og kvifor skjer desse endringane?»

Den siste justeringa av problemstillinga vil krevje at du må hente inn meir informasjon enn den reint språklege. Du må tenke gjennom: Kva kan forklare at dei språklege endringane skjer? Svaret kan du finne ved at du kartlegg bakgrunnen til informantane dine. Du undersøker da kjønn, geografi (kvar dei bur), kva interesser informantane dine har, om dei har nær familie som snakkar dialekt, og liknande. Kanskje må du også undersøke haldningane dei har til språk? Dette kallar vi for *bakgrunnsvariablar*, fordi det er forhold som fortel om bakgrunnen til informantane. Her må du velje nokre bakgrunnsvariablar som du faktisk trur kan forklare språkforskjellane.

5 Godkjenning av endeleg problemstilling

Sørg for at læraren din godkjenner den endelege problemstillinga di og måten du har tenkt å gjennomføre utforskararbeidet på. Da er du klar til å gå vidare.

«Kva endringar finn vi i lyd- og bøyingsystemet i trønderdialekta, og kvifor skjer desse endringane?»

6 Definer sluttprodukt

Eit utforskararbeid kan presenterast på så mange måtar, for eksempel som fagartikkel, presentasjon eller podkast. Ofte er dette bestemt av læraren, men dersom du kan velje, tenk gjennom kva dei ulike produkta krev både tidsmessig og teknisk. Dersom det er mange detaljar som skal presenterast, slik det er med denne problemstillinga, kan det vere vanskeleg å få eit høgt nok presisjonsnivå i ein podkast, der du ikkje har noko skriftleg å vise til. Det kan tale for ein presentasjon eller ein fagartikkel.

7 Vel metode

Det finst mange forskjellige metodar ein kan bruke for å undersøke eit språkleg fenomen. Alle involverer ei gruppe informantar, altså dei personane du skal forske på. For denne problemstillinga vil observasjon, intervju eller spørjeskjema vere moglege metodar. Kvar av dei har sine fordelar og ulemper:

Metode	Fordel	Ulempe
Spørje-skjema	<ul style="list-style-type: none"> • Du får svar på akkurat det du spør om. • Det er lett å systematisere svara. • Systematiske svar eignar seg godt for statistikk. • Du kan ha mange informantar, som gjer resultatet ditt meir truverdig. • Undersøkinga kan gjerast digitalt. • Det er lett å kartlegge bakgrunnen til informantane. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er fare for feilkjelder (dei trur dei snakkar meir/mindre dialekt enn dei faktisk gjer). • Informantane kan lettare gi tulle svar når det er skriftleg/digitalt. • Om du gir undersøkinga til ei heil gruppe, vil også elevar som ikkje snakkar dialekt, svare på ho.
Intervju	<ul style="list-style-type: none"> • Du får svar på det du spør om. • Du kan følge opp svara og unngå misforståingar. • Strukturerte intervju gir strukturerte data som er lette å systematisere. • Det er lett å kartlegge bakgrunn. • Du kan undersøke språkhaldningar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er fare for feilkjelder (dei trur dei snakkar meir/mindre dialekt enn dei faktisk gjer). • Det tar ein del tid å snakke med kvar enkelt informant. • Det er vanskeleg å ha mange informantar, noko som gjer resultatet mindre truverdig.
Observasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Informantane veit ikkje kva du undersøker, og kan derfor ikkje tilpasse språket sitt. Gir veldig gode data. • Du kan observere samtalan eller observere språkbruken i radio/tv. • Ved å bruke radio/tv kan du høyre ordet/setninga fleire gonger. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det kan vere vanskeleg å høyre alt som blir sagt – må vere veldig påpasseleg. • Det tar tid, slik at det er vanskeleg å ha mange informantar. Det gjer resultatet mindre truverdig. • Du får ikkje så lett undersøkt bakgrunnen til informantane.

Eksempel på skjema til bruk under intervju

Det er lurt å ikkje seie kva for eit ord du er på jakt etter. Presenter gjerne variablane om kvarandre, slik at det ikkje blir så tydeleg. Du kan også ha fleire variablar i ei og same setning – hugs da berre å notere svara to stader. Du kan velje å skrive heile setninga eller berre det ordet du er ute etter. Det kan vere lurt å undersøke haldningane til slutt, slik at dei ikkje tilpassar språket sitt til haldningane dei gir uttrykk for.

Noter svara her, eller lag eit oversiktleg rekneark der du kan systematisere direkte. Når du er ferdig, kan du i reknearket filtrere svara ut frå bakgrunnsvariablane alder, bustad, kjønn osv., slik at du lett får oversikta over korleis dei ulike gruppene snakkar. Der kan du også lage diagram.

Hugs: Dette er eit forslag. Du tilpassar det til di problemstilling og dine informantar.

Namn, alder	Fyll ut namn og alder.	
Bustad	Fyll ut kvar informanten bur.	
Interesser	Noter ned interessene til informanten.	
Kva for dialekt snakkar mor/far?	Noter ned kva for dialekt mor/far snakkar.	
Personleg pronomer æ	Be informanten om å fortelje om seg sjølv. Noter kva pronomer som blir brukt. Noter æ eller <i>jeg</i> .	
Nektingsadverbet <i>itj</i>	Be informanten om å fortelje om noko ho misliker. Noter nektingsadverbet. Er det forskjell på om nektingsadverbet er trykklett og trykk tungt? Noter <i>itj</i> eller <i>ikke</i> .	
Palatalisering	Vis bilde av ord som inneheld palatale lydar, f.eks. hund, mann, ball, krusedull e.l. Noter lydane.	
Infinitiv	Her må du ha 3–5 verb som ikkje skal ha noka ending (trene, køyre) og 3–5 verb som skal ha -a eller jamning (vere, komme, sove, lese). Be informanten om å fullføre setningar der det kjem ein infinitiv. <i>Kan du vere så snill</i> <i>Per sa han ville ...</i> <i>Når du skal køyre til Trondheim, må du</i> Ein annan mogleg metode kan vere å vise bilde av nokon som <i>søv/et/les/trener</i> osv. (sørg da for at informanten svarer med ein infinitiv).	
Haldningar	<i>Eksempel på moglege spørsmål, tilpass til di verkelegheit:</i> Synest du dialekta di er fin? Kva synest du om folk som snakkar dialekt? Kva synest familien din om dialektbruk? Synest du alle dialekter er fine/stygge? Bør folk snakke meir dialekt? Kvifor? Hender det du gjer narr av dialekta? Er det noko i dialekta du ikkje liker, eller liker spesielt godt?	

8 Utforsk og systematiser funna

Med denne problemstillinga vil systematiseringa gå ut på å telje opp dei ulike variantane av det språklege fenomenet. Dette kan framstilla i tabellar eller i grafar. Her må du også undersøke samanhangen mellom dei sosiale variablane, som kjønn, alder, geografi og interesser, og dei språklege variablane. Finn du ein korrelasjon, eller samanheng, mellom kjønn og språkbruk? Mellom kva interesser dei har, og kva språklege former dei bruker? Alle desse moglege samanhengane må du undersøke.

Dersom du har gjort intervju, kan du trekke ut nokre interessante sitat som du drøftar vidare.

9 Lag sluttproduktet

Sluttproduktet må ha ein god struktur, for eksempel denne:

- a Innleiing – presentasjon av det som kjem
- b Presentasjon av problemstillinga
- c Teori om emnet. I dette tilfellet: Kva kjenneteiknar trønderdialekta? Kva endringar er observerte tidlegare?
- d Presentasjon av variablane
- e Presentasjon av informantane dine
- f Presentasjon av metoden
- g Presentasjon av resultatet for kvar enkelt variabel, og ei samanstilling (korrelasjon) av dei sosiale variablane og dei språklege variablane
- h Drøfting av resultatata
- i Oppsummering og konklusjon
- j Avslutning

På kvart av punkta må du vurdere dei vala du har tatt, og du må drøfte kva fordelar og ulemper som følger av vala. Punkt g og h, presentasjon og drøfting av resultatata, er likevel hovudpoenget i framstillinga. Her må hovudtyngda ligge.

10 Lag refleksjonsnotat

Refleksjonane dine kan også vere ein del av sluttproduktet. Ein god struktur for ein slik refleksjon kan vere:

- 1 Kva fungerte godt i denne prosessen? Kvifor?
- 2 Kunne prosessen blitt betre? Korleis?
- 3 Desse erfaringane tar eg med meg til seinare utforskningsarbeid.

Utforsk-språket-modellen

1

Bestem
overordna tema



2

Bestem
undertema



10

Lag reflek-
sjonsnotat



3

Formuler
problemstilling



9

Lag
sluttprodukt



4

Idémyldring,
gruppearbeid,
rettleiing



8

Utforsk, og
systematiser
funna



5

Godkjenning
av endeleg
problemstilling



7

Vel metode



6

Definer
sluttprodukt



Eksempel

- 1 Tema**

Kjønnsforskjellar i språket
- 2 Undertema**

På kva område finn vi forskjellar mellom språket til jenter og gutar?
- 3 Problemstilling**

«Kva forskjellar finn vi mellom jenter og gutar når det gjeld bruk av og haldningar til banneord?»
- 4 Idémyldring, gruppearbeid, rettleiing**

Kva veit du om dette temaet frå før? Kva banneord kan eventuelt undersøkast? Skal informantane komme med eksempla sjølv, eller skal du gi dei banneorda? Korleis kan du undersøke haldningane? Kven kunne vere aktuelle informantar for ei slik problemstilling? Korleis kan du systematisere stoffet? Treng du å lære deg nokon nye dataprogram eller appar?
- 5 Godkjenning av endeleg problemstilling**

«Kva forskjellar finn vi mellom jenter og gutar når det gjeld bruk av og haldningar til banneord?»
- 6 Definer sluttprodukt**

Digital forteljing? Presentasjon? Kva treng du for å lage sluttproduktet?
- 7 Vel metode**

Observasjon eller filming? Intervju? Studere bruken av banning på sosiale medium?
- 8 Utforsk og systematiser funna**

Skal du bruke lydopptak eller filme? Kvar skal intervjuja eller observasjonen gå føre seg? Korleis skal stoffet systematiserast?
- 9 Lag sluttprodukt**

Sett av tid til dette, og tenk også undervegs i arbeidet på korleis det skal sjå ut til slutt.
- 10 Lag refleksjonsnotat**

Var problemstillinga presis nok? Korleis fungerte metoden og utvalet av informantar? Kva gjekk gale? Kva lærte du av prosessen? Kva kunne du gjort annleis?

Test deg sjølv

- 1 Korleis lagar du ei problemstilling?
- 2 Korleis kan du vurdere om problemstillinga di er god?
- 3 Kva er ein språkleg variabel?
- 4 Kva er ein bakgrunnsvariabel?
- 5 Nemn eksempel på nokre språklege variablar ein kan utforske.
- 6 Nemn eksempel på nokre bakgrunnsvariablar som kan vere aktuelle i språkutforskning.
- 7 Kva er ein informant?
- 8 Peik på ein eller fleire konsekvensar som oppstår når ein endrar problemstillinga.
- 9 Korleis vel ein metode?
- 10 Kva bør vere med i eit refleksjonsnotat?

Jobb med stoffet

- 1 Hender det du undrar deg over noko innanfor språket? Kva? Prøv å beskrive det så presist som mogleg. Er det eit grammatisk spørsmål? Noko med ordforrådet? Noko med haldningar? Tenk over: Korleis kan du utforske det du lurar på?
- 2 Korleis er di dialekt, og korleis endrar ho seg? Kva språklege variablar kan du utforske?
- 3 Korleis kan ein undersøke samanhengar mellom språk, kultur og identitet? Diskuter med medelevar og noter nokre stikkord.
- 4 Diskuter kva språkhaldningar som finst i ditt språklege miljø. Korleis kan ein undersøke språkhaldningar?
- 5 Kva fordelar og ulemper har metodane som er nemnde i dette kapittelet?
- 6 Studer spørjeskjemaet på side 354. Sett inn eksempel frå ditt eige talemål.
- 7 Kva andre kreative spørjemåtar enn dei som står i spørjeskjemaet, kan du sjå for deg? Diskuter!
- 8 Sjå tabellen på side 350 om tema, undertema og problemstilling. Kva andre undertema kan du finne fram til på kvart tema?
- 9 Kva andre problemstillingar kan du formulere ut frå undertemaa i tabellen på side 350?

- 10 Kan refleksjonsnotat brukast i andre fag du har? Beskriv korleis, og tilpass eventuelt til det aktuelle faget.
- 11 Lag forslag til eit spørjeskjema som passar til det du ønsker å utforske. Beskriv for ein medelev korleis det skal brukast.
- 12 Sjå på oversikten over språktrekk på side 364 i talemålskapittelet. Kva for språktrekk er aktuelle i dialekta di? Korleis kan du undersøke eventuelle endringar som skjer?
- 13 I munnleg språk bruker vi mange småord, som for eksempel *nok, kanskje, liksom, berre/bare, serr, da, vel, ikkje sant* osv. Kjem du på fleire slike? Prøv å lage ei problemstilling til dette temaet. Korleis vil du gå fram for å undersøke dette fenomenet?
- 14 Diskuter fordelane og ulempene med å bruke film eller lydopptak som metode.
- 15 Excel er eit godt program for å systematisere data. Finn ut korleis du kan notere ulike svaralternativ i Excel, korleis du kan filtrere på dei ulike svara, korleis du kan finne samanhengar mellom bakgrunn og språk, og korleis du kan lage diagram av funna dine.

I eit nøtteskal

Eit utforskararbeid går gjennom ulike fasar. Det er viktig å bruke tid på å lage ei presis problemstilling. Allereie i denne fasen må ein sjå framover og tenke gjennom korleis arbeidet kan gjennomførast i praksis. Problemstillinga må alltid godkjennast av læraren. Valet av metode heng naturleg saman med problemstillinga, men opnar også for val. Her må du vurdere fordelar og ulemper opp mot kvarandre. Sjølve gjennomføringa av utforskararbeidet og systematiseringa etterpå krev at du jobbar systematisk. Når utforskararbeidet er gjort, er det på tide å lage sluttproduktet. Her må du sørge for ein god struktur. Du skal legge hovudvekta på resultatet av utforskinga, men du må også presentere variablane du undersøker, metoden du bruker, og vala du har tatt. Avslutt gjerne med eit refleksjonsnotat.

19

Talemål i Noreg i dag

I dette kapitlet skal du lære

- kva endringar som skjer i dialektene
- kvifor endring skjer
- at språklege val blir påverka av identitet og kultur

Kvifor skal du lære dette?

- Du får auka språkleg bevisstheit.
- Du får kunnskap om norsk kultur.
- Å kjenne sin eigen kultur er viktig for å forstå samfunnet.

Viktige fagomgrep

- dialekt
- sosiolekt
- talemål
- etnolekt
- målmerke
- regionalisering
- standardisering
- status



Før du les

- Korleis vil du beskrive ditt eige talemål? Tenkeskriv i tre minutt.
- Kjenner du nokon som snakkar veldig annleis enn deg? Kva kjenneteiknar dette talemålet?
- Kva er den største forskjellen mellom ditt talemål og talemålet til dine føresette?

Språk, kultur og identitet

Føler du at du høyrer heime der du bur? I romanen *Tante Ulrikkes vei* av Zeshan Shakar møter vi to gutar som bur på Stovner, den gate-smarte Jamal og den skoleflinke Mo. Jamal snakkar det vi på fagspråk kallar *multietnolekt*, slik mange unge på austkanten i Oslo gjer: «Han ene karen prøvde å gi oss blick og sånn når vi var på skolegården første dagen. Vi bare gidde han blick tilbake og da han backa liksom». Mo snakkar og skriv korrekt norsk og ønsker seg bort frå Stovner: «En flukt

uten føtter, gjennom hundrevis av dagdrømmer». Han ønsker seg ein god jobb med høg lønn, slik foreldra hans har innprenta han. Talespråket til desse to gutane er noko meir enn ein måte å kommunisere på – det er ein del av identiteten deira.

Talemål, sosiolekt, etnolekt og dialekt

Desse omgrepa er nyttige å ha med når vi skal utforske talemålsfeltet:

Talemål	eit samleomgrep for alle måtar å snakke på
Sosiolekt	eit talemål som er påverka av sosiale faktorar, som gruppetilhøyrse, økonomi, alder, interesser og liknande
Multietnolekt	eit talemål som er prega av språktrekk frå fleire ulike språk
Dialekt	ein geografisk avgrensa variant av eit språk, som bergensdialekta

Sosiolekt

Sosiale faktorar, som yrke, alder og interesser, påverkar måten vi snakkar på. Dette kallar vi sosiolekt. Den seier ofte noko om kor du høyrer heime sosialt, eller kor du ønsker å høyre heime.

Tidlegare fann ein tydelege sosiolektiske skilnader i byane: eit arbeidarklassetalemål og eit talemål for dei høgare samfunnsklassene. I Oslo kalla ein det gjerne austkantmål og vestkantmål, ettersom geografien også spegla dei sosioøkonomiske forskjellane i byen. Dette viser at det var liten kontakt mellom dei sosiale gruppene på denne tida. I dag er situasjonen annleis. Nyare granskingar frå Oslo viser at språkforskjellane i byen er mykje mindre enn før, og det er vestkantmålet som vinn terreng. For eksempel er det færre som bruker hokjønn/a-endingar, og enkeltord som «vårs» erstattast av «oss».

Multietnolekt

I starten på kapitlet blei vi presentert for nokre eksempel frå romanen *Tante Ulrikkes vei* (2017), ein oppvekstroman frå Stovner der fleire av personane snakkar med det vi kan kalle ein *multietnolektisk stil*.



Tidlegare brukte ein omgrepet «kebabnorsk». Dette omgrepet har halde seg i media og blant folk flest, men det er upresist og like eigna til å beskrive språket som «grautmål» er for å beskrive bygdedialektar. Vi bruker derfor heller omgrepet multietnolektisk stil. Med dette meiner vi ein språkleg variant som låner ord frå mange ulike språk, både arabisk, urdu, pashto, persisk, punjabi, engelsk og spansk. For ein som ikkje kjenner dei språklege forholda, kan det høyrast ut som om dette berre er manglande meistring i norsk. Men multietnolektisk stil er noko meir enn manglande meistring. Det er faktisk ein avansert og leiken måte å bruke språket på. Og dei fleste slår utan problem over til korrekt norsk om situasjonen krev det. Dei fleste bruker meir korrekt norsk i formelle situasjonar. Nokre vanlege ord er *wolla* (eg lovar), *lø* (stygg, heftig, galen, kul), *bejsti* (dårleg, dumt) og *sjpa* (bra, fin), sjølv om ordtilfanget endrar seg over tid. Ein kan også høyre at nokon norske ord får feil kjønn. Ein stakkato uttale er også eit kjenneteikn. Også i setningsoppbygginga ser vi særtrekk. Det er vanleg at verbet blir plassert på tredje plass i setninga: *Han alltid skal ødelegge for meg*.

Dialekt

Dialekt brukast ofte om ein geografisk avgrensa variant av talespråket, der folk som bur på same stad, snakkar likt. I Noreg har vi store geografiske avstandar, og dialektene endrar seg gradvis når vi beveger oss frå eit område til eit anna. Likskapane og forskjellane speglar korleis folk frå ulike område har samhandla med kvarandre gjennom tidene. Der ein har hatt lite med kvarandre å gjere, som på kvar side av store fjellvidder, er det få fellestrekk mellom dialektene. Der samhandlinga har vore stor, finn vi mange fellestrekk, som i Nord-Noreg, der ferdseilen og handelen gjekk langs kysten med båt.

Nokre viktige språktrekk

For å kunne beskrive særtrekk i dialektene våre må vi beherske nokre fagomgrep. Her er nokre viktige målmerke som gjer det mogleg å beskrive dialektene og den endringa som skjer i dei:

Infinitiv er grunnforma av verbet. Det finst fleire infinitivsformer:

Type	Eksempel	Beskriving	Kvar finn vi det?
E-infinitiv	<i>å hoppe, å vere</i>	sluttar på -e	Austlandet, Sørlandet, Nord-Vestlandet og Troms og Finnmark. <i>Denne forma spreier seg i heile landet.</i>
A-infinitiv	<i>å hoppa, å vera</i>	sluttar på -a	Sør-Vestlandet, mellom Sunnfjord og Sørlandet
Apokope	<i>å hopp, å vær</i>	har inga ending	Nordland
Kløyvd infinitiv	<i>å hoppe, å vera</i>	e-ending i dei fleste, a-ending i nokre	Store delar av Austlandet. <i>Tidlegare heile Austlandet, også Oslo, men dette trekket blir sjeldnare.</i>
Apokope og kløyvd infinitiv	<i>å hopp, å værra (å vårrå)</i>	inga ending i dei fleste, a-ending i nokre	Trøndelag. Merk at nokre ord har jamning (<i>vårrå</i>), men dette blir sjeldnare.

Jamvekt: grunnlaget for kløyvd infinitiv

I nokre dialekter har ein både infinitivar som endar på -e (*å hoppe*) og infinitivar som endar på -a (*å vera*). Dette kallar vi kløyvd infinitiv. Forklaringa finn vi i språkhistoria:

Alle verb hadde tidlegare a-endingar (*å hoppa, å vera*). Dei verba som i nokre dialekter har bevart a-endingane, hadde i tidlegare tider eit spesielt trykk i uttalen. Trykket låg nemleg både på hovudstavinga og på endestavinga (*å vera*). Det var lik «vekt» på begge stavingane, og

derfor kallar vi det jamvekt. Det førte til at a-endinga blei bevart i desse orda. Vi kallar dei jamvektsord. Det gjeld blant anna *gjera, vera, sova, lesa, eta* og *bera*, og det er ikkje så mange av dei.

Dei verba som har e-ending (*hoppe, kaste*), hadde berre trykk på hovudstavinga, mens endestavinga var utan trykk (å *kaste*). Stavingar utan trykk endrar seg lettare, og her blei endinga endra til -e, som krev mindre kraft å uttale. Desse orda kallar vi overvektsord, og det er absolutt flest av dei.

Lydlege fenomen: tjukk l, retrofleksar, palatalisering, skarre-r

Fenomen	Eksempel	Beskriving	Kvar finn vi det?
Tjukk l	<i>kLokke</i> <i>stoL</i> <i>boL</i> (bord)	<i>l</i> blir uttalt ved å bøye tunga bakover og slå ho framover i munnen.	Austlandet, Trøndelag, Nordland. <i>Dette fenomenet blir sjeldnare.</i>
Retrofleksar	R: <i>barn, fart, vers, farleg</i> Tjukk l: <i>gult (gurt), fælt (fært), slik</i>	Ei samansmelting av to lydar: <i>r</i> eller tjukk <i>l</i> i kombinasjon med <i>t/d/n/s/l</i> gir nye samsmelta lydar.	Austlandet, Trøndelag, Nord-Noreg. <i>Dette fenomenet spreier seg.</i>
Palatalisering	<i>allje/aille</i> <i>mannj/</i> <i>mainn</i>	<i>ll</i> og <i>nn</i> blir uttalt <i>lj</i> og <i>nnj</i> .	Skiljet går midt i Sør-Noreg. Dialektene nord for Sogn og Mjøsa har palatalisering. <i>Dette fenomenet blir sjeldnare.</i>
Skarring	<i>faRt</i>	<i>r</i> blir uttalt bak i munnhøla, som i tysk og fransk.	Sørlandet og Sør-Vestlandet. <i>Dette fenomenet spreier seg nordover på Vestlandet.</i>
Blaute konsonantar	<i>tabe, båd,</i> <i>kage</i>	<i>p, t, k</i> blir uttalt <i>b, d, g</i> .	Kysten av Sørlandet og delar av Rogaland. <i>Dette fenomenet blir sjeldnare.</i>


Personlege pronomen og nektingsadverb

Fenomen	Eksempel	Beskriving	Kvar finn vi det?
Personleg pronommen	<i>jæi, je eg, æg, æ, ej, e, i</i>	Første person eintal (<i>eg</i>) har to hovudvariantar: med eller utan <i>j</i> .	J-former: det austlege Austlandet. <i>Jæi-forma spreier seg</i> . E/æ/i-former: resten av landet
	<i>vi oss me/mø/mi</i>	Første person fleirtal (<i>vi</i>) har tre ulike variantar: <i>vi er her oss er her me/mø/mi er her</i>	<i>vi</i> : det austlege Austlandet, Trøndelag, Nord-Noreg <i>oss</i> : Gudbrandsdalen, delar av Sunnmøre og delar av Trøndelag <i>M</i> -former: indre strøk av Austlandet, heile Vestlandet (unntatt Nordfjord og Sunnmøre)
Nektingsadverb	<i>ikke itte ittj ikkje</i>	Ordet <i>ikkje</i> har ulike variantar.	<i>ikke</i> : rundt Oslo. <i>Denne forma spreier seg</i> . <i>itte</i> : Austlandet nord for Viken. <i>Denne forma blir sjeldnare</i> . <i>ittj</i> : Trøndelag <i>ikkje</i> : indre delar av Austlandet, Vestlandet, Nordland og Troms

Ei grovinndeling av landet

På kartet har vi illustrert korleis den same setninga kan seiast i dei ulike landsdelane. Setninga fangar opp dei språktrekka vi har sett på så langt. Kartet fangar ikkje opp alle variasjonane som finst innanfor same landsdel eller alle endringar som skjer i dag, og slik sett er det unøyaktig. Men ved hjelp av kartet og eksempla ser du korleis dei språktrekka vi har studert, *hovudsakleg* blir brukte i dei ulike delane av landet. Kva ville du ha føydd til for ditt område av landet?

Skrivemåten *fjoTen* betyr retrofleks uttale
Skrivemåten *kjøRe* betyr skarre-r
Skrivemåten *kLokka* betyr tjukk L



Dialektene endrar seg

I alle delar av landet kan det merkast at dialektene forandrar seg. Det første ein merkar, er at ein høyrer variasjon i dialekta. Nye ord og bøyingsformer kjem inn, og ein varierer mellom det gamle og det nye. Stor variasjon i ei dialekt fører gradvis til endring.

La oss sjå på nokre viktige faktorar som kan forklare endringar:

Folk reiser og flyttar meir enn før

Mens ein for 100 år sidan i større grad budde heile livet der ein blei fødd, er det vanlegare å flytte frå heimstaden i dag. På 1900-talet fekk vi nye industrisamfunn som trekte til seg mange arbeidrarar og familiane deira. I dag går flyttestraumen hovudsakleg mot byane og tettstadene. At folk flyttar meir, skaper eit dårlegare grunnlag for å bevare dialektene.



*Folk reiser
meir enn før.*

Identitet

Når befolkninga på ein stad ikkje er stabil, blir folk med ulike identitet blanda. Dei nye bebuarane identifiserer seg ikkje nødvendigvis med den lokale kulturen og dialekta. I det moderne, globaliserte samfunnet kan vi «forsyne» oss av eit rikt tilbod av ulike kultur- og identitetsuttrykk. Ulike kulturar og identitetsmarkørar eksisterer side om side, og vi står fritt til å velje. Det er ikkje gitt at vi vel den tradisjonelle kulturen og dialekta på staden. Undersøkingar har vist at dialektene blir betre bevarte når folk er stolte av sin eigen kultur og dialekt.

Status

Talemål blir påverka av kva vi oppfattar som prestisjefyllt. I dei fleste land er det slik at talemålet i hovudstaden har den høgaste statusen. Dette talemålet kan ein høyre i media og i store delar av landet. Det blir oppfatta som eit nøytralt og korrekt språk, og det blir gjerne knytt til høg sosial og økonomisk status. Det ligg som regel nært opp til skriftspråket i landet. I mange land har dette talemålet ein offisiell status som standardtalemål. I England kallar ein dette *RP*, *received*

pronuciation, i Tyskland blir det kalla *Hochdeutsch*, og i Sverige *rikssvensk*.

I Noreg har vi ikkje eit offisielt vedtatt standardtalemål, men dialekta i Oslo, spesielt Oslo vest, har dei andre kjenneteikna på å vere eit standardtalemål: Ho blir oppfatta som meir korrekt enn andre dialekter og ligg nært opp til skriftspråket bokmål. Denne talemålsvarianten blir gjerne oppfatta som «det beste språket». Eit slikt landsgyldig talemål får høg status og vil ha stor påverknadskraft på andre dialekter. Når dialekter blir påverka av eit standardtalemål, kallar vi det standardisering.

Media si rolle

Radio og tv spelte ei viktig rolle for folk på 1900-talet. I NRK var det lenge påbode å snakke standardisert bokmål eller nynorsk. Dermed spreidde det standardiserte talemålet seg, og det var mest av bokmålsvarianten.

I dag har dialektene for lengst blitt tatt inn i media, men framleis er det mest av dialekta frå Oslo vest. Dette kan sannsynlegvis forklare kvifor små barn i heile landet ofte bruker dette talemålet når dei leikar. Påverknaden frå media har vore med å styrke statusen og posisjonen til dialekta på Oslo vest.

Kvifor dialektene likevel har så høg status i Noreg, skal vi komme tilbake til seinare.



Barn ser på fargefjernsyn i 1968.

Byane si rolle

Byar og tettstader spelar ei viktig rolle for å forklare korleis endring skjer. Språkleg endring skjer alltid først i byar og tettstader. Byen i ein region påverkar derfor heile regionen. Dette kallar vi ei *regionalisering* av dialektene. Det betyr at dialektene innanfor ein region, f.eks. Trøndelag, blir påverka av talemålet i regionhovudstaden, altså Trondheim. Gradvis blir dei mest særprega uttrykka borte, og dialektene i regionen blir likare trondheimsdialekta. Dette betyr at folk gjerne vil fortsette å snakke dialekt, dei ønsker å vise sitt språklege og kulturelle preg i måten dei snakkar på. Men dei legg av seg dei mest særprega trekk i dialekta til fordel for noko som blir oppfatta som meir nøytralt og gyldig. Der ein tidlegare sa *vårrå (å vere)*, seier stadig fleire *å vær*, slik ein lenge har gjort i Trondheim.

Eit neste spørsmål er om det er Trondheims påverknadskraft som verkar ute i regionen, eller om det er oslodialekta og/eller standardtalemålet. Ofte er det ikkje mogleg å slå fast om det er den eine eller den andre påverknadskrafta som er størst.

Forenkling av språket

I nokre tilfelle må endringane i språket også forklarast med at vi forenkler språket. Dette er eit vanleg fenomen i alle språk – vi språkbrukarar føretrekker enkle uttalereglar og enkle bøyingsreglar. Det kan vere forklaringa på at skarre-r spreier seg nordover på Vestlandet. Skarre-r er enklare å uttale enn rulle-r. Dette er sannsynlegvis også forklaringa på at kj-lyden fell saman med skj-lyden. Du har sikkert høyr *kjøtt* og *kylling* uttalt som *skjøtt* og *skylling*. Forskjellen mellom kj- og skj-lyden er ikkje lenger nødvendig for å forstå innhaldet, og derfor kan vi bruke berre skj-lyden. Slik blir uttalereglane enklare.

Kvifor har vi framleis dialekter i Noreg?

I Noreg har vi eit større dialektmangfald enn i dei fleste andre land. Det er nokså vanleg i mange land at ein sluttar å snakke dialekt når ein tar utdanning eller flyttar. Det er også sjeldnare å høyre dialekter i media. Kvifor skil Noreg seg ut på dette feltet?

Eit skriftspråk skapt av dialekter

Ei viktig årsak finn vi på 1800-talet. Da Noreg blei eit sjølvstendig land, blei det nødvendig å skape eit norsk skriftspråk. Vi fekk to skriftspråk: eitt som baserte seg på talemålet til overklassen, og eitt som baserte

seg på byggedialektene. Ivar Aasen heva statusen til dialektene ved å gjere dei til grunnlaget for eit skriftspråk.

Språkleg frigjering og populærkultur

Ein annan viktig faktor er dei politiske straumdraga som rådde på 1970-talet i Noreg. På denne tida blei fridom for mennesket viktig, også språkleg. Vi fekk ei dialektbølge i landet. Trønderrocken, med blant andre Åge Aleksandersen (1949–) i spissen, gjorde det mogleg å bruke dialekt også i populærkulturen. Etter 1970-talet har vi fått musikk i alle sjangrar på dialekt. Dette er nok også med på å gi dialektene ein status som dei manglar i andre land.

Ein sterk distriktpolitikk og små forskjellar mellom folk

Distriktpolitikk har stått sterkt i Noreg, og det har vore eit mål at folk skal kunne bu i heile landet. Denne distriktsvennlegheita gjer oss meir positive til dialekter. Noreg er også tradisjonelt eit land med relativt små økonomiske forskjellar mellom folk. I Noreg er det mindre samanheng mellom rikdom og makt enn i mange andre land. I andre land ser vi større økonomiske forskjellar, og det er også med på å heve statusen til det språket som dei med høgast økonomisk status snakkar.

Open og skjult status

Tidlegare har du lese om at dialektene er trua av eit talemål med høgare status. I Noreg er denne trusselen likevel mindre enn i andre land, nettopp fordi dialektene også har ein status.

Innan språkvietskapan kallar vi det *open* og *skjult* status. I Noreg har dialekta på Oslo vest, som nokre vil kalle eit standardtalemål, den høgaste statusen. Dette er den opne statusen, den objektive og ordnære forma for status.

Men dialekter overlever fordi dei har ein skjult status, ein status blant dialektbrukarane. Også språktrekk som av fleirtalet blir oppfatta som stygge eller ukorrekte, kan overleve dersom det finst nok språkbrukarar som oppfattar dette som sitt språk, eit språk dei identifiserer seg med, og som er med og definerer dei som ei gruppe. Da vel ein bevisst å ikkje la seg påverke av det språket som har høgast status. Dette er ei form for *motkultur*, altså ein kultur som går imot hovudstraumen i samfunnet. Motkultur står sterkt i Noreg, ikkje minst på grunn av den statusen distrikta har i samfunnet og dei relativt små økonomiske forskjellane mellom folk.

Test deg sjølv

- 1 Definer talemål, dialekt, sosiolekt og etnolekt – fritt etter minnet. Sjekk etterpå om du gav dei korrekte definisjonane.
- 2 Kvifor har vi dialekter?
- 3 Beskriv infinitivformene i dialektane. Kva form(er) bruker du?
- 4 Gjer greie for nokre av dialekttrekka og korleis dei artar seg i ei dialekt du kjenner.
- 5 Kva er tjukk l?
- 6 Kva er retrofleksar?
- 7 Kvar finn vi palatalisering?
- 8 Finn du eit område som har både palatalisering og skarre-r? Kva med retrofleksar og skarre-r?
- 9 Kva former av personleg pronomer i 1. person (eg) finst i Noreg?
- 10 Kva er jamvekt?
- 11 Korleis påverkar byane talemålsendingane som skjer i dag?
- 12 Nemn nokre faktorar som svekker dialektene.
- 13 Kva er skjult og open status?

Jobb med stoffet

- 1 Undersøk korleis infinitivane (*å hoppe, å gjere, å vere*) er i ditt område. Finn du ein forskjell mellom unge og eldre?
- 2 I delar av Trøndelag har vi tradisjonelt hatt apokope i dei fleste infinitivar, men nokre andre former i tillegg, som *vårrå/værra* m.m. Kvar blir dei ulike formene brukte? Finn ut meir om infinitivar i Trøndelag.
- 3 Finn ut kva jamning er og kvar i landet vi finn dette fenomenet.
- 4 Høyr på radio- eller tv-sendingar frå Nord-Noreg. Lytt etter dei palatale lydane, som vi finn i ord med *ll* og *nn*. Blir lydane brukte av alle? Kva andre uttalar høyrer du?
- 5 Kva for nokre av lydane på side 365 er aktuelle i ditt område (tjukk l / retrofleksar / palatalisering / skarre-r)? Skjer det ei utvikling i ditt område? Diskuter i klassen. Diskuter også korleis dette kan undersøkast.
- 6 Kva former av personlege pronomer (*eg/han/vi/oss* osv.) blir brukte i ditt område? Skjer det ei utvikling?

- 7 Kva form av nektingsadverbet (*ikkje*) har di dialekt? Finn du variasjon i din region?
- 8 Studer kartet på side 367. Det viser ei grovinndeling av landet og er ufullstendig. Korleis stemmer oversikta med di dialekt?
- 9 Dersom du kjem frå ein by: Finn du geografiske eller sosiale forskjellar i byen? Diskuter i klassen. I kva språktrekk finn du forskjellane? Lag ei oversikt.
- 10 Oppsummer i eit tokolonneskjema kva for nokre språktrekk som spreier seg, og kva som blir sjeldnare. Ser du nokon fellestrekk innan kvar kolonne?
- 11 Kva påverkar talemålet der du bur? Skriv ein kort tekst om korleis påverknaden skjer.
- 12 Korleis blir dialekt verdsett der du bur? Identifiserer folk seg med den lokale kulturen og språket? Diskuter i klassen.

I eit nøtteskal

Dialekter oppstår som resultat av kontakt eller mangel på kontakt mellom folk. Mykje kontakt skaper likare dialekter, liten kontakt skaper forskjellar mellom dialektene. Ved hjelp av språket skaper vi fellesskap som styrker identiteten og følelsen av å høyre til. Framleis finn vi store dialektforskjellar i landet vårt, men dialektene forandrar seg. Vi ser at mange av dei lokale kjenneteikna blir borte, og dialektene innan ein region blir likare. Dette blir kalla regionalisering, og her speler dei mindre byane i landet vårt ei viktig rolle for utviklinga i sin region.

Men vi ser også at dialektene blir påverka av dialekta på Oslo vest, det nokre språkvitarar kallar standardtalemål eller «det beste språket». Dette talemålet har høgare status og blir gjerne oppfatta som meir korrekt og nøytralt enn andre dialekter. Det har derfor stor påverknadskraft. Det er fleire grunnar til at dialektene står sterkt i Noreg. Ivar Aasens språkarbeid var viktig for å heve statusen til dialektene. I Noreg har også distrikta stått sterkt, og den politiske venstrebølga på 1970-talet fekk mykje å seie for dialektbruken i landet. At dialektene framleis finst, kan forklarast med at dei har ei eiga form for status, ein skjult status som gjer dei populære blant dialektbrukarane.